

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å bygge Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune

Clemens Kraft AS søker om løyve etter vassressurslova til å bygge Drøllstølsbekken kraftverk. Kraftverket vil ha inntak 915 m over havet, og kraftstasjonen skal etablerast 740 m over havet i Sysendalen. Småkraftverket vil gi ein årleg kraftproduksjon på 9,5 GWh. Dette utgjer straumbruken til om lag 475 husstandar.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset i Eidfjord og på NVE sin nettstad www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Fråsegn til søknaden kan sendast elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **14.09.2015**.